

Fra: Aud-Marit Netteland <amnetteland@gmail.com>

Sendt: 03.06.2026 18:08:35

Til: Voss herad - Postmottak <postmottak@voss.herad.no>

Kopi: Marta Hansen <marta.blind@gmail.com>, Yngvar Gunnlaugsson <yngvar.g@gmail.com>, Anne Ingebjørg Takvam <aitakvam@online.no>

Emne: Innspel til universell utforming

EKSTERN!

Til Voss herad

v/ Leiar for Tekniske tenester (samfunnsutvikling)

Ordførar

Rådmann

Frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, RMNF.

Innspel til universell utforming.

Eit universelt utforma samfunn er ei viktig sak for RMNF.

Me har ved ulike høve teke opp U.U. i Vossabadet, Tintro og Svinto bru. Og har tidlegare hatt synfaring på Vangen (vest).

På eige initiativ kontakta me Blindeforbundet og fekk avtalt synfaring med ein representant frå Forbundet, som jobbar med universell utforming til dagleg. Synfaringa var 8.mai.

Leiar for Vossabadet vart kontakta og invitert til å vera med på synfaring, men sida det var på ettermiddag / kveldstid (utanom arbeidstid) vart ikkje det aktuelt. To frå RMNF deltok på synfaringa og det vart utarbeida eit notat i etterkant av synfaringa, som de finn i vedlegget.

RMNF håpar notatet frå synfaringa kan vera til hjelp og eit godt utgangspunkt for vidare arbeid med U.U. i Heradet.

Me i Rådet vert glade for tilbakemeldingar.

Helsing

På vegne av RMNF -

Aud-Marit Netteland

